

„Den største gleda ein kan ha det er å gjera andre glad“.

Tala av fru Sigrun Okkenhaug på ungdomsstemna i Beitstad.

Eg vil fortelje litt om forskjellige menneske eg har møtt. Små trekk frå dagliglivet. Og om daglegdagse menneske. Ingen av dei dei høyrer med til «historiens store» — men likevel har dei sett merke etter seg i den kretsen der dei levde og hadde arbeidet sitt.

Som ganske lita jente møtte eg ei onnor jente, noko eldre. Nanna heitte ho, og ho var den eldste av tri søsken som elles alle var eldre enn eg. Nanna var sjukeleg og hadde lidd mykje. Det var kan skje difor ho var meir tolmogig og skyna meir enn dei andre. Dei andre to vilde gjerne erte og slåss. Brøren var til sine tider ei sann plageånd for oss som mindre var.

Men når det vart reint for gale — då var Nanna der med den lyse smilen sin og med nokre forsonande ord. Ho hadde eit eige lag til å få oss urokråkane rolege. Og ho var slik at ingen med sin gode vilje vilde gjera henne vondt. Foreldra hennes budde i andre høgda i same garden som foreldra mine. Og eg hugsar henne best slik ho satt halvt oppe i trappa og stødde albuane på knea og smilte til oss. Kunde ho

ikkje skape fred på annan måte, so sa ho berre: kom hit, so skal eg fortelje dykk noko. Det var eit høve som ingen av oss kunde stå imot. Og da flokka vi oss rundt henne og lydde til det ho fortalte oss.

Nanna døde som lita jente. — Men om eg blir hundrad år vil eg alltid minnes henne som den lyse gode fredsengelen ho var. Ho var ikkje berre eit godt minne — nei, eg trur ho var med og skapte mi tru på det lyse og gode i livet.

Då eg var litt eldre møtte eg ei dame. Ho budde heime hos foreldra mine. Ho var sjukeleg, og ho hadde mista mange born i ein difterifarang. Ho var so stille og fin. Og eg var lita jente — eg hadde lite stunder til å vera stille og fin. Eg tok trappene i so få trin som mogeleg og eg sprang tungt der eg for. Mange gonger uroa eg visst henne som mykje godt satt bunde til stolen sin og roma sine. Og kanskje når eg uroa henne mest, bad ho meg opp. Eg fekk gjerne te og kaker — og eg måtte sitte stille og høre på henne. Det skulde sjå ut som det

Forts. 4. side.

Den største gleden kan ha - - -

Forts. fra 1. side.

måtte vera keidsamt nok for ei lita jente. Men det var ikkje det. Ho hadde eit slikt lag, at eg likte meg der. Og eg kjende meg heidra, då ho fortalde meg om borna sine som ho hadde misst. Ho skjente aldri. Eg hadde ei kjensle av at ho skyna meg, sjølv når eg hadde klatra i bjørkene og rive sund kjolen min. Ho smilte til meg. «Sett deg her», sa ho, «so skal eg vise deg korleis du skal bote dette. Du skal berre ikkje plage mor di til det — ho har nok lel».

Og eg lærte å stoppe riftene — og lærte kanskje å fara litt meir varleg med klæda mine og. Ho sa aldri so svært mykje, skjente som sagt aldri — og eg trur ikkje ho tenkte på at ho skulde lære nokon noko. Men ho var der — og måten hennes å vera på lærte oss, som var omkring henne, meir enn mange ord kunde gjort.

På skolen hadde vi ei lærerinne som hadde det noko på same måten. Det var ingen som tenkte på om det var noko heitte disiplin i timane hennes. Vi var rolege — det var like utruleg at det kunde vera annleis, både for henne og for oss. Ho sat der på katetret og såg på oss med dei gode augo sine — og vi kjende det som ei skam ikkje å gjera vårt beste.

I 1933 møtte eg en gamal mann oppe i Gudbrandsdalen. Han var kårmann — og det gamle skysskifte hadde no vorte turisthotell. Tide var mykje annleis enn den tid han dreiv garden og skysskiftet. Noko av jaget var kome til den vesle tronge dalen der oppe — og gamle Tjøstål like ikkje den nye tida. Han gjekk og stulla mykje åleine og heldt seg unda. Men likevel var det likesom han som stod bak og gav styrke. Og ro i alt jaget.

Han synt meg eit bladstykke ein dag — det var ei som hadde skrive om «Det gyldne aks», om åkeren, om kornet og mjølet — og folks syn på det. Serleg bondens syn på det. Bondens vurdnad for det som vaks, for det som gav mat og liv til folk og krøter. «Grjonet» kalla dei kornet og mjølet der sør.

Folk tar ikkje vare på grjonet no, sa gamle Tjøstål — det var mest so han var redd dei fekk det for rikt og for lettvind. Han hadde levd so nære innpå froståra og uåra so dei sat i han som ein redsel. Folk kunde endå koma til å leva opp tunge tider — og tok dei ikkje vare på Guds gåver og hadde vurdnad for dei, so kunde dei tunge tider vera er før nokon vard est.

«Vi kaller kornet og mjølet

gudslån heime hos oss», fortalde eg.

Det syntes han var vakkert. — Han gjekk omkring ei stund — so kom han igjen. Jaso du, sa han, gudslån, det var eit vakkert namn. — Han undras so korleis det gjekk med tørken her i Trøndelag? Opp gjennom dalane der dreiv dei med kunstig vatning. Dei førde bræbekkene i vassrenner rundt på ekrane, når tørken kom. Vassrennene låg der frå år til år, men vasstilførsla kunde nok reguleras — og rennene måtte haldas i stand frå tid til anna. Det var i uåra omkring attenhundradårsskiftet dei hadde teke til med dette — og denne vatninga hadde berga avlinga mangt eit år sidan.

Det var noko arbeid med å passe dette, sjølv sagt — og no hadde den nye tida med nye krav og lønsomhetslina nådd op i dalane der med. Det vart tørkostbart å halde vatningsanlegget i stand, og serleg lenger ned gjennom dalen kom dei no meir om senn av bruk. Dette tørkeåret i 33 merkas godt skilnaden. Tørken var slem. Men der dei dreiv med vatning stod åker og eng finfint.

Eg snakka med Tjøstål om dette. Og fortalde at ned gjennom Vågå der dei mykje godt hadde slutta med vatninga no — der låg ekrone brunsvide og åkeren var dårleg. Han rista på hovudet og såg fortenkt ut. «Ja, det løner

seg ikkje å bli lat» sa han so. — Han skyna seg ikkje på den nye «lønsomhetslina». Vår herre hadde gjeve oss både vett og vilkor til liv, sa han — vi plikta å bruke vettet og skillingane kom menneskja ingen veg med lel, — når det røyntes på. Skillingen metter ingen, når ikkje maten er der, sa Tjøstål.

Han var over 80 år den gongen eg møtte han. Han var kårmann og utanfor styr og stell på garden. Men han var der og var med likevel. Meiningane hans — orda hans levde — og dei var med å skapte grunnlaget for livet på garden. Han gav ein dag ein fin karakteristikk av to fjellførerar. Den eine var glad i skillingen sa han — men den andre var glad i fjellet. Den eine dyrka Mammon — den andre dyrka Gud — Tjøstål hørde med til dei siste — det var kanskje difor det var godt og trygt å vera saman med han.

Eg møtte ein annan mann, — gamle Ivar Blekastad. Han var millom Christoffer Bruun sine første elevar ved folkehøgskulen her i Norge. Han vart oppglødd for Kristen Kold og Grundtvig sine tankar om skolearbeidet, om undervisning og opdragelse. Og då han var ferdig med skolegonga si, tok han til med ein privat folkeskole ut ifrå sine eigne idear. — Skolen skulde ikkje berre gi ein meir eller mindre samling av død kunnskap — skolen skulde tjene

livet og gjera borna dyktige til å leva livet. Det var serleg kristendomsundervisninga som interesserte han. Han likte ikkje alt pugget. Borna skulde lære å tenkje sjølv — ikkje berre ta inn andres tankar — og kanskje gløyme dei, utan at det fødte nye personlege tankar hos dei sjølv. Difor likte han ikkje forklaringa, — og bibelsoga vart for tunn. Han lærte borna å lesa bibelen — og han lærte dei å tenkje over det dei las. Han fortalde ein gong ei lita morosam søge om undervisningsmåten sin. Etter at han vart gamal og hadde slutta med sin eigen skole, vart lærarinna i bygda sjuk ein dag. Blekastad då bedt om å vikariere for henne. Og det gjorde han med glede. I første timen hadde dei bibelsoge — ein liten stubb på ti-tolv linjer, som dei skulde kunne, sjølv sagt.

«Men du må vel forstå kor keidsam bibelsoga blir når ein heil klasse av små born skal remsa opp desse same ti-tolv linjene utan tanke på anna enn at dei skal kunne dei», sa Blekastad, då han fortalde dette. Han vilde heller ikkje blande seg i lærarinna sitt arbeid — og so tok han like godt til å fortelja borna om Ester, og las til dei or Esters bok. Det gjekk fint. Klassen satt stille og var med. Nokre dagar etter møtte han mora åt den eine av smågutane. «Kva er det du gjer

med borna», sa ho. «Korleis då? vilde Blekastad vite. Jau, guten hadde kome heim og spurt om dei ikkje hadde nokon bibel — han vilde låne 'n og lesa. Han hadde høyrte om Ester på skolen, og nu vilde han lesa meir. — Blekastad var glad for dette. Det var det ein lærar først og fremst hadde å gjera, meinte han — det å vekke borna sin trang til å vita, til å leite og til å tenkje. Då vilde dei få den kunnskap dei hadde bruk for. Endå ein ting sa han om kristendomsundervisninga og pugginga. «Kristus skal ikkje vera ei lekse for borna», sa han, «gjer Kristus levande for dei, slik at det blir dei ein naturleg trang å fylgje han. Hjelp dei til å oppeleve Kristus — då vil Guds rike koma til oss, slik vi bed om det».

Eg trur han gjorde sitt beste til å gjera Kristus levande for dei borna som sat på skolebenken hos ham. Eg har tala med eit par av elevane hans. Det var ei opleving å ha han til lærar, sa dei. Eg trur det. For endå om eg møtte han først som gamal utsliten mann so treit og mesf ikkje av noko menneske som har gitt meg so mykje som han. So mange gode tankar. Han var slik som ein tenkjer seg dei gamle apostlane.

Han er død no. Men minnet hans vil alltid leva — ikkje berre hos meg; men hos alle dei mange som kjende han og vart glad i han. (Meir.)

„Den største glede ein kan ha det er å gjera andre glad“.

Resten av fru Sigrun Okkenhaugs tale på ungdoms-
stemna i Beltstad.

II.

Eg har møtt mange fleire — både menn og kvinner, som sjølv-
sagt har sett merke etter seg i
den kretsen dei levde. De har sik-
kert og møtt dei. Vi møter dei
kvar dag. Vi er sjølv med og sett
merker etter oss. Ingen er so ålei-
ne i livet, at ikkje ein eller annan
minnes han — at ikkje ein eller
annan tenkjer på han anten til godt
eller vondt. Når eg har nevnt des-
se få av dei mange eg minnes, so
er det for å vise korleis det lyse
og gode spreider lys omkring seg.
Slik som det vonde og mørke til-
svarande spreider mørke omkring
seg.

Eg undres på om vi alltid er
merksame på dette — merksame
på det ansvar vi har her? Dei fer-
reste av oss tenkjer vel kanskje i
ålvor over, at vi er med alle sa-
man og kvar enkelt av oss og
skaper det samfund vi lever i? Vi
segjer somtid — og trur det vel
og — at samfundet det er vi. Det
er helst i festlege stunder, i fore-
drag og festtaler og i politiske a-
gitasjonstaler at vi segjer slikt.
Men til kvardags — i arbeidet
vårt, i samveret vårt med andre
menneske — er det mange av oss
da som tenker på at samfundet det
er vi? Er de mange av oss da som
tenkjer på at vi har ansvar for kor-
leis samfundet veks til. Nei — i

det daglege liv er det mykje godt
slik at vi krev av samfundet utan
å ville gi noko sjølv. Samfundet
plikter å gi oss dei vilkår vi mei-
ner å ha rett til — vi tenkjer min-
dre på kva vi plikter å gi til sam-
fundet, vi tenkjer mindre på det
ansvar vi har innan dette sam-
fundet.

Bjørnson skreiv ein gong ein
song som de alle kan. «En ung-
dom som er sterk og sund». Den
syng vi mykje godt på ungdoms-
møta, den syng vi ved festane og
når det elles høver. Men det er det
mange av dykk som tenkjer over
det de syng der?

En ungdom som er sterk og
sund er alt vi evner en gang til
og dermed håp for alt vi vil, en
vekst i karakterens grunn med
dragning mot et alltid bedre —
sang Bjørnson. Og vi har sunge
det etter han mange gonger. Sun-
ge og kjent oss gripne og fest-
stemte, og kanskje ei lita stund for
ålvor kjent, at samfundet det er vi.
Vi har kjent oss som eit heile ei
lita stund og lengta mot eit alltid
bedre.

Men det muner so lite, det blir
ingen vekst av det når vi ikkje for
ålvor tar denne kjensla med oss
ut i kvardagslivet — og let kjen-
sla bli tanke og røymsle. «En vekst
i karakterens grunn» skal ikkje
berre vera ord, berre ei strofe i

ein vakker song — det skal vera
vilje og mål. Det skal vera grunn-
laget for det vi vil med oss sjølv
og med ungdomen vår. Da først
blir ungdomen sterk og sund, da
først blir den det vi evner og vil
— en gang til.

— Ein høyrer tidt og ofte kla-
gemål over ungdomen idag —
ungdomen no for tida er viljelau-
se, vinglande, festsjuke — dei ja-
ger frå fest til fest og har ikkje
vyrdnad for nokon ting. Sjå berre
korleis dei heng på gatehjørna,
korleis dei sleng i vegane — dei
orker ikkje høyre på eit ålsvors-
ord, og det einaste dei vil er å
danse og drikke.

Desse klagemåla hører kan-
skje ikkje berre vår tid til — dei
har vore der før, og dei vil koma
igjen når vår tids ungdom blir
eldre og ser sin tids ungdom stør-
me ut i livet. Det er kua som gløy-
mer ho har vore kalv — det er
omkvedet i den alltid aktuelle vi-
sa «den gang da jeg var pike,
da var der piker til».

Men likevel — det kan vera no-
ko i dette om ungdomen og om
jage: frå fest til fest. I Noregs ung-
domslag har dei kjempa mot rund-
dansen — og gong på gong har vi
set korleis runddansen har teke
livet av det som skulde vera lags-
arbeid. Stødt og stadig klager vi
over, at ungdomen vil ikkje høre
eit skikkeleg foredrag, dei vil ik-
kje sjå eit spelstykke som det er
noko ved — dei kjem til festen
først når dragspelet tar til å låte,
og dei kan få svinge seg i dan-
sen. Eller dei heng omkring husa
med ei lerce i lomma, dei skjen-
ker seg og blir motige og skråler
og gjer kvalm.

Vi i avisene om slike fester
der det har vore slagsmål og fyll,
og vi gjer som farisæaren i saga
om toldaren og farisæaren: vi tak-
ker Gud for at vi ikkje er som
desse syndarane. Og so let vi det
mykje godt skure med det.

Men er dette rett, og er vi so
mykje likare sjølv då? Lat oss sjå
litt på alle festane, og kva det er
vi gir ungdomen vår. Ungdom
har ei naturleg trang til glede —
og vi vil gjerne gi dei denne
glede. Vi skipar vi til fest. Det er
nemleg mykje godt vi eldre som
skipar til festane. Det er vi som
styrer med alle laga — det er i
stor mtt vi som freistar bøte på
det er erable samfundslikamen
ved å koma til lag som skal hjel-
pa både her og der. Og desse la-
ga må ha festar — ikkje i første
rekke for å skape glede åt ung-
domen vår, men for å skaffe inn-
tekter til lagsarbeidet.

Eg er viss på det er mange av
dykk her som har sete i ein eller
annan festkomite og grunna over
korleis de skulde få til fest. Det
har kanskje vore spursmål om un-
derhold og de har vald og
vraka. Det blir for dyrt, segjer de
— eller «vi må få til billigst mo-
geleg underholdning — for vi må
få mest mogeleg inntekt». Og so
vel vi helst noko gjøgl som kan
dra ungdomen — eller dansen —
som og dreg. No må de ikkje tru
at eg er mot dans — det er eg
slett ikkje. Dansen kan vera eit
både vakkert og fint utslag av
ungdoms glede; men det er med
den som med alt anna — når den
blir misbrukt, har den lag til å bli
stygg. Og då blir den ikkje ut-

slag av nokon sund og god glede
lenger.

Det er heller ikkje for å gi ung-
domane våre den sunde og gode
glede som dei treng, at vi skipar
til alle dei billege dansefestane —
det er for å få inn tioringane og
kronene. Det er fordi vi dyrker
mammon istaden for Gud. Det
hjelper lite om vi sitt i kjerka og
knepper saman hendene og trur
vi er kristne — når vi til kvar-
dags og i det løynlege livet dyrkar
mammon. For det er det vi
gjer. Det er det vi i stor mun gjer,
når vi skipar til festane våre og.
Vi dyrker mammon og gir ung-
domen vår steinar for brød — og
resultatet blir, at dei blir under-
ernæra. Dei hungrar etter glede.
So pakker dei i seg — og vi
pakkar i dei — utan at korkje
dei eller vi tenkjer på at det skal
vera verkeleg livstø i den ån-
delege ernæringa med. Utan å
tenkje på at glede vi gjer skal
vera næring til «vekst i karakter-
ens grunn».

Når det gjeld reint fysisk er-
næring og når det gjeld kropps-
kultur har vi kome nokså langt
no — vi passer på så dei ymse
livgjevande vitaminer skal finnast
i kosten vi får, og vi passer på så
kroppen får den vyrdsling den
treng. Men dei same lover som
gjeld for den fysiske ernæringa,
gjeld og for den åndelege.

Og so lenge som vi eldre — vi
foreldre og lærarar — som i før-
ste rekke har ansvaret for kva
slags åndeleg næring borna våre
og ungdomen vår får, ikkje er
merksame på dette — so lenge
har vi ingen grunn til å klage o-
ver dei utslag ungdoms glede gir

seg. Vi har sjølv vore med og gje-
ve grunnlaget. Og den billege
glede vi gir dei — den vil kan-
skje syne seg å bli «den dyre
glede», den som helst gir hovud-
verk og sjælepine «dagen derpå».

Kva skal vi so gjera til å gi
ungdomen den glede som den
kan veksa seg sterk og sunn på?
Kva kan vi gjera?

Det kunde vera mangt å sva-
ra på det — og ein kunde saktens
halde mange foredrag om det. —
Men eg er mest huga til å svara
med eit sitat av ein song igjen.

«Den største glede ein kan ha
det er å gjera andre glad». —
Enn om vi lærte borna våre meir
om sanninga i desse orda? Lærte
dei — i fullt ålvor — at det å gi,
det er den store glede.

Desse eg fortalde om då eg tok
til å snakke — dei hadde lært å
gi. Og det var denne reidelege
viljen til å gi som gjorde dei til
lysberarar i den der kretsen dei
levde livet sitt.

For nokre år sidan var eg på
eit krets møte i sanitetsforeningen
der det m. a. vart tala mykje om
dansen på sanitetsfestane. Mange
var imot — av ymse grunnar —
men mange tala og for.

Ei av dei som tala for sa mil-
lom anna: Vi må ha dans på fest-
ane — ungdomen må få den mo-
roa som betaling fordi dei
hjelper til.

Eg trur ikkje ho kunde ha tenkt
igjenom kva ho sa. Ungdomen
skal vel ikkje ha nokor betaling
for å gjera det dei trur er rett og
godt. Det er — og skal vera —
ein naturleg trang hos ungdomen
å hjelpa der hjelp trengs. Og vi
skal ikkje øydelegje denne natur-

lege trangen med å by dei beta-
ling. Då er vi nettop med og ska-
per vilkår for den billige glede,
som blir dyr til slutt. Da er vi
med og skaper krava i staden for
å stø viljen til å gi.

Det er her vi eldre, vi som mei-
ner å vera vaksne, har so stort
eit ansvar. Vi skal først og fremst
vera viljuge til å gi sjølv — og vi
skal lære borna våre, ungdomen
vår, å gi.

Dette å gi, det er nemleg kris-
tendommens grunnide. I teksten
for olsokdagen heiter det: Fell
ikkje kveitekornet i jorda og dør,
so er det og blir det berre eit
korn. Men dør det, gir det stor
grøde. Den som elsker livet sitt,
missar det o. s. b.

Vi skal vera viljuge til å gi. Og
vi gir kvar dag til dei vi lever sa-
man med — anten til godt eller
vondt, til vekst eller nedbryting.
Når vi vaknar og ser det, vil vi
og kjenne ansvaret ved det å vera
menneske.

Det er dette vi skal lære ung-
domen vår, det er dette vi skal
lære å sjå sjølv og. Det er einast
på den måten vi blir kristne og får
verkeleg rett til å bera kristen-
namnet — det er på den måten
vi blir lysberarar i det samfund
vi lever i. Og det skulde vi alle
vera. Eg vil håpe og tru at ung-
domslaget ser oppgåva si her og
arbeider mot det mål å skape ein
ungdom som er «sterk og sund»
— med vekst i karakterens grunn».

Redaktør: OLAV HOUGEN

«Inntrøndelagen»s trykkeri,
Steinkjer.